



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Nils Moldøen	FE-205	19/262

Saksnr	Utval	Type	Dato
064/19	Formannskapet	PS	11.06.2019
039/19	Kommunestyret	PS	18.06.2019

Utgreiing om gratis barnehage og SFO

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Kommunestyret i møte 13.12.2018 gjorde følgjande vedtak «Vi ser for oss at framtida for Fedje er avhengig av ei auke i barnetalet, at unge slår seg ned på Fedje, at vi har stabile arbeidsplassar i kommunal sektor, at folk utanfor Fedje får vite at i denne kommunen satsar ein på familiane. Vi gjer difor framlegg om at administrasjonen skal greie ut kostnadane ved framtidig gratis barnehage og skulefritidsordning.»

Kostnader

For å gje eit nokolunde realistisk bilete av kostnadene med ei nyordning, har me sett på inntektene me har hatt og kva me har budsjettert med.

	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Barnehage - opphald	607 000	524 000	600 000	447 000
Barnehage – mat	105 000	80 000	100 000	90 000
SFO	128 000	157 000	0	130 000
Totalt	840 000	761 000	700 000	667000

Det er ein del born som ikkje går i barnehage i dag, men som kan tenkjast ta i mot tilbodet om det vert gratis. Dette får igjen konsekvensar for bemanninga i barnehagen, og dermed auka utgifter for kommunen.

SFO

I dette skuleåret er det 24 born som har tilbod om SFO. Tilbodet er delt i to:

- Kl. 0715 – 0830
- Kl. 1400 – 1600

I skuleåret 2018/19 er det i praksis ingen som nyttar seg av tilbodet om morgonen. Om ettermiddagen er det om lag 8 born. Avtalen er slik at vert det fleire enn 12 born skal det vera 2 vaksne til stades.



Fedje kommune

Til neste skuleår er det 23 som har tilbod om SFO.

SFO er altså eit tilbod som relativt få born nyttar seg av. Vert det gratis er det ikkje urimeleg å tru at ettermiddagsgruppa aukar til fleire enn 12. I tilfelle vil utgiftene rundt rekna doblast.

Barnehagen

Det er som kjent nasjonale reglar for bemanning i barnehagane. Bemanningsnorma er knytt til *einingar*. Barn over tre år er 1 eining, barn under tre år er 2 einingar. Barnehagen har no to pedagogar på huset. Utifrå den nye pedagognorma kan barnehagen då ha 28 einingar. Dersom alle borna er under tre år kan ein då ha 14 barn, er alle over tre år kan ein ha 28 barn. Barnehagen har no 20 barn, men tel ein einingar har barnehagen 23 «einingar». Det vil seia at me har fem einingar «til gode». Det kan vera fem born over tre år, to under tre år eller to barn under tre år og eit barn over.

Ut frå det me veit om barnetalet neste barnehageår, vil me til hausten ha 15 born, og 18 einingar. Det inneber at me kan ta i mot born som utgjør 10 einingar, før me må tilsetja fleire vaksne.

Me kjenner til at det er 4-5 born me reknar med det ikkje vil verta søkt om barnehage for dette kalenderåret, men at dei kan verta aktuelle frå 2020.

Dersom det vert søkt om barnehageplass som gjer at me fyller «grensa» på 28 einingar, har me nok bemanning, men vil likevel ha bruk for noko meir ressursar for å ha det same tilbodet som i dag, t.d. sømjeopplæring, opptak heile året. Vert det tilflytting og talet på einingar aukar til over 28, utløyser det krav om ein ny pedagog. Aukar det med enno fleire, krev det fagarbeidar.

Inntektsida

Dersom tilbodet om gratis barnehage og SFO fører til auka tilflytting til Fedje, aukar òg inntektene til kommunen. Desse er ikkje heilt enkelt å finna ut av, men me har sett på gjennomsnittleg rammetilskot og kommunal skatteinntekt pr. innbyggjar i 2017. Då finn me at kvar person i snitt gav kommunen 48 000 i inntekt.

Set me dei manglande inntektene til 750 000, treng me ca. 15 netto tilflyttarar for å finansiera gratis barnehage og SFO utan å ta pengar frå andre budsjettpostar. Om me skulle få 15 tilflyttarar, veit me heller ikkje kor store utgifter dei vil påføra kommunen. Har dei born i barnehage- og skulealder kan det føra til auka utgifter der. Det same er om dei er eldre eller andre med særskilde behov for omsorg.

Vurdering

Fødselstal, talet på ungar i barnehagen og elevtalet på skulen, er for tida på veg ned. Det einaste rådmannen ser som kan snu denne utviklinga er etablering av nye arbeidsplassar. Nye arbeidsplassar opnar for tilflytting og det er unge i rett alder som er mest mobile. Nett no veit me det er fleire investorar som vurderer ulike prosjekt som kan enda opp med realisering og verta store arbeidsplassar i vår målestokk. Men førebels er dette prosjekt som ikkje er vedtekne igangsette.

Kommunen har stilt opp for dei ulike aktørane med det me kan hjelpa til med: tett kontakt og rask sakshandsaming.

Rådmannen vel å sjå på dette politiske initiativet for å få ei kostnadsvurdering av gratis barnehage og SFO, som eit tiltak for å letta tilflyttinga til Fedje.

Slik stoda er, utan arbeidsplassar å tilby, er det vanskeleg å sjå at gratis barnehage og SFO vil ha



Fedje kommune

nokon umiddelbar effekt. Det er inga særskild høg arbeidsløye, og me er i liten grad i konkurranse med andre kommunar om arbeidskraft. Rådmannen ser ingen sterke argument for at Fedje kommune som einaste kommunen i landet, gjev eit slikt gratistilbod som berre kjem eigne innbyggjarar til gode, uavhengig av inntekt.

Fedje kommune er heller ikkje i ein slik økonomisk situasjon som skulle tilseia at me skulle seia nei til ei foreldrebetaling ingen forventar skal bort. Tvert om har me lagt eit krevjande år bak oss, med økonomiske konsekvensar langt inn i 2019. Skal me på sikt få råd til å gjera større nødvendige utbetringar på bygningsmassen vår elles, treng me stram økonomistyring der utgiftene vert monaleg lågare enn inntektene.

Skulle det visa seg at det vert vanskeleg å rekruttera til dei nye arbeidsplassane som måtte koma, vert situasjonen ein annan, og det kan vera interessant å ta forslaget opp att. Rådmannen ser det slik at når den dagen kjem at me ser at rekruttering til nye arbeidsplassar kan verta ei utfordring, bør kommunen sjå på ein tiltakspakke for å hjelpa til. Det kan t.d. vera at vert bygd fleire hus, mobilisera folk til å leiga ut hus som står mørklagde om vinteren – og då sjå på om det finst rom for å gje eit slikt generøst tilbod som gratis barnehage og gratis SFO.

Folkehelse: positive konsekvensar

Miljø: positive konsekvensar

Økonomi: potensiell økonomisk risiko

Konklusjon

Rådmannen konkluderer med at forslaget om gratis barnehage og SFO, ikkje bør innførast no. Me kan ikkje sjå at det vil føra til ønska effekt før ev. nye arbeidsplassar skal etablerast. Det kan derimot føra til at den skjøre økonomien til kommunen vert forverra i ein situasjon me bør streva for å koma gjennom den noko vanskelege situasjonen me er i.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret går ikkje inn for å innføra gratis barnehage og SFO no, men tilrår at saka vert drøfta på nytt om behovet for arbeidskraft skulle auka.

Formannskapet - 064/19

F - behandling:

Felles endringsframlegg: Kommunestyret tar saka til orientering.

F - vedtak:

Kommunestyret tar saka til orientering.

Samrøystes vedteke.



Fedje kommune

Kommunestyret - 039/19

K - behandling:

K - vedtak:

Kommunestyret tar saka til orientering.

Samrøystes vedteke.